

Kommunens ref.: 17/2462

Vår ref.:ard15039

Bergen: 25.06.2021

MELDING OM BEGRENSA OFFENTLEG ETTERSYN - DØSJENESET

I medhald av plan og bygningslova (pbl) § 12-10 varslast det no om at planforslaget for Døsjeneset gnr. 46 bnr. 26, 113 mfl. - Døsjø, planid: 124620160001, skal leggjast ut på begrensa offentleg ettersyn.

Planforslaget var på offentleg ettersyn første gong hausten 2018. Sidan den gong har ein i hovudsak jobba med justeringar ift. fylkesvegen, avkjørsel til planområdet og gang/sykkelveg langs sjøen for å få gode løysingar som er i samsvar med krava. I samband med dette arbeidet har planområdet no også vorte utvida imot nordvest slik at busshaldeplassane ved småbåthamna også er inkludert i planområdet. Det vil difor no vere behov for å leggje planforslaget ut på begrensa offentleg ettersyn. Endringane over er blitt gjort då det er blitt stilt krav om at det i planforslaget må regulerast sammanhengande gang/sykkelveg frå avkjørselen til planområdet og fram til busshaldeplass ved småbåthamna. Det er per i dag ingen planar om eller avsett pengar til at denne gang/sykkelvegen skal byggjast. Ut over at plankartet er endra der planområdet er utvida mot nordvest og ein har gjort justeringar ift. veg, gang/sykkelveg og avkjørsel er også planskildring og føresegner blitt justert ift. dei nemnde endringane. Det er også blitt utarbeida vegteikningar.

Varsel om begrensa offentleg ettersyn vert sendt aktuelle naboar, grunneigarar og offentlege instansar.

Føremålet med reguleringsplanen er mellom anna å leggje til rette for å utvide aktiviteten til eksisterande verksemder på Døsjeneset ved utfylling i sjø. På området er det i dag elementproduksjon til bygg, støyping av flytebyggjer, ferdigbetongproduksjon og mørtelproduksjon.

Planframlegg med føresegner, planomtale, plankart og vegteikningar vil vere tilgjengeleg for gjennomsyn på Øygarden kommune si heimeside www.oygarden.kommune.no under fana kunngjeringar/ høyringar, samt på Ard arealplan as si heimeside www.ardarealplan.no under kunngjeringar. Dei som ynskjer å få tilsendt dokumenta på papir eller elektronisk vil få det ved førespurnad. Dokumenta kan elles lastast ned frå nettsida.


Eventuelle merknader til planframlegget må sendast skriftleg innan **09.08.2021** og sendast til:

Ard arealplan as, c/o Spaces Media City, Lars Hilles gate 30, 5008 Bergen

eller på e-post til: post@ardarealplan.no.

For meir informasjon kontakt Ard arealplan as på tlf. 55 31 95 00 eller sjå nettsida til www.ardarealplan.no

Med beste helsing



Hedvig Godvik Olsen
Landskapsarkitekt/planleggar

Ard arealplan as
c/o Spaces Media City
Lars Hilles gate 30
5008 Bergen
Tlf: 55 31 95 00/ 46 41 98 15

Likelydande brev er sendt til:

Tilgrensande eigedomer til utvidinga.

Offentlege instansar:

Statsforvalteren i Vestland
Vestland fylkeskommune
Statens vegvesen
NVE region vest
Bergen sjøfartsmuseum
Kystverket
Fiskeridirektoratet
Skyss AS
BKK
ØyVAR

sflvpost@statsforvalteren.no
post@vlfk.no
firmapost-vest@vegvesen.no
rv@nve.no
marinarkeologi@sjofartsmuseum.no
post@kystverket.no
postmottak@fiskeridir.no
plansaker@skyss.no
firmapost@bkk.no
postboks@oyvar.no